



SOGN REGIONRÅD

System for
styrka læring
Barnehage- og skuleutvikling i Sogn regionråd 2013 - 2021

HANDLINGSPLAN

FOR ARBEID MED INKLUDERANDE BARNEHAGEMILJØ

UTAN MOBBING OG ANDRE KRENKINGAR



Bilde: twincy.no

REGION SOGN

HAUSTEN 2019

FØREORD

Arbeid med mobbing og andre krenkingar er eit samfunnsproblem som er på dagsorden no. Mobbing er noko alle har erfaring med enten som tilskodar, å bli mobba eller mobbe andre. Opp gjennom åra har det vore lite fokus på mobbing i barnehage, og vi har eit forbetringspotensiale i å jobbe med inkluderande barnehagemiljø retta mot at mobbing og krenkingar ikkje skal skje. Målet er at alle barna i barnehagane skal oppleve gode psykososiale miljø. Der alle blir respekterte, møtt med tillit, kjenner seg likte og opplever glede og trivsel. Foreldre skal vere sikre på at når barna er i barnehagen skal dei ha eit trygt og godt barnehagemiljø.

I 2018 og 2019 har Sogn regionråd med desse åtte kommunane: Aurland, Balestrand, Leikanger, Luster, Lærdal, Sogndal, Vik og Årdal delteke i den nasjonale satsinga inkluderande barnehage- og skulemiljø. Satsinga er retta mot aldersgruppa 0-16 år, og vi har delteke i pulje 2. Som eit resultat av dette er det utarbeida ein felles handlingsplan for arbeidet med inkluderande barnehagemiljø utan mobbing og andre krenkingar. Den byggjer på handlingsplanar frå andre kommunar, og styrarane har bidrige ved å vere aktivt deltagande på leiarsamling hausten 2019.

Det er Utdanningsdirektoratet som har organisert satsinga, og på deira nettside finn ein mange ressursar som ein kan nytte seg av.

Det må rettast ei takk til dei som står bak modellen «Trygg i Fjell». Den ligg på nett - søk på «tryggifjell». Det er gitt løyve til å hente og bruke det ein vil derifrå. Her er det nyttige tekstar og skjema til bruk i oppfølgjing av arbeidet med inkluderande miljø. Dette gjeld på dei tre nivåa som å fremja trygge og gode barnehagemiljø, førebyggje og handtere mobbing og andre krenkingar. Denne nettressursen blir oppdatert med jamne mellomrom og derfor eit tips å halde seg oppdatert på den.

Hausten 2019 vart det sendt ut på høyring forslag til endring i barnehagelova. Målet med dei føreslårte endringane er å sikre alle barnehagebarn eit godt og trygt barnehagemiljø. Det var høyringsfrist 13. november. Om forslaget blir vedteke blir det eit meir forpliktande arbeid for personalet i barnehagen når dei evt får ei sak som går på mobbing og/eller andre krenkingar. Den nye lova vil få innverknad på denne planen. Kvar kommune eller eining må endre den for å få inn det nye som er vedteke.



<https://www.udir.no/laring-og-trivsel/barnehagemiljo/>

INNHALDSLISTERE

1. Innleiing	s.4
2 . Mål for planen	s. 5
a. Mål for barnehagens arbeid mot mobbing	s. 5
b. Mål for planen	s. 5
3. Kva er mobbing og krenkingar	s. 6
4. Arbeid med inkluderande barnhagemiljø utan mobbing og andre krenkingar	s. 7
a. Førebyggjande arbeid (nivå 1)	s. 8
b. Tiltaksplan når mobbing oppstår (nivå 2)	s. 11
c. Tiltaksplan når mobbing skjer (nivå 3)	s. 12
5. Etterarbeid	s. 13
6. Litteraturliste	s. 14
7. Vedlegg	

1. INNLEIING

Gjennom lovverk er barnehagen forplikt til å jobbe med inkluderande miljø utan mobbing og andre krenkingar.

Barnehagelova §1 seier: «Barnehagen skalvære....trygt sted for fellesskap og vennskap.... og motarbeide alle former for diskriminering. §2 seier at :«Barnehagen skal ha en helsefremmende og en forebyggende funksjon».

Fn's barnekonvensjon har artiklar som forpliktar for barnehagane. Den slår fast at barn og unge har rett til utvikling, medverknad, ikkje-diskriminering, omsorg, beskyttelse og sjølvrealisering. Mobbing og krenkingar svekkar desse rettigheitene. (*Handlingsplan mot mobbing i barnehagen, Tønsberg kommune, 2016*).

I Rammeplan for barnehagen står det blant anna dette om barnehagen sitt innhald og oppgåver når det gjeld livsmeistring:

«Barnas fysiske og psykiske helse skal fremjast i barnehagen. Barnehagen skal bidra til at barna trivst og opplever livsglede, meistring og ei kjensle av eigenverdi, og han skal førebyggje krenkingar og mobbing. Om eit barn opplever å bli krenkt eller mobba, må barnehagen handtere det, stoppe det og følgje det opp.» (*Rammeplan for barnehagen, side 11, 2017*)

«Barnehagen skal vere ein trygg og utfordrande stad der barna kan prøve ut ulike sider ved samspel, fellesskap og vennskap. Barna skal få støtte til å meistre motgang, handtere utfordringar og bli kjende med eigne og andre sine kjensler. Barna skal få ro, kvile og avslapping i løpet av barnehagedagen.» (*Rammeplan for barnehagen, side 11, 2017*)

Oppsummert kan ein samanfatte det slik:

- * Barnehagen skal vere ein trygg stad og den skal medverke til at barn trivst
- * Barna skal ha eit trygt barnehagemiljø. Dei skal ha vern mot alle former for fysisk eller psykisk vald. Mobbing og trakasering blir rekna som vald.
- * Barnehagen skal førebyggje, stoppe og følgje opp utestenging og mobbing
- * Barna som blir haldne utanfor leiken, skal få spesiell oppfølging frå barnehagen. Det same skal barn som held andre utanfor leiken
- * Barna skal møtast med tillit og respekt
- * Barna skal ha vaksne rundt seg som er gode rollemodellar
- * Barna skal få støtte i å meistre motgang, handtere utfordringar og bli kjende med eigne og andre sine kjensler
- * Barna har rett til å bli høyrde i alt som handlar om dei. Deira meningar skal vektleggjast i samsvar med deira alder og modning. (*Henta frå Rammeplan og Fn's barnekonvensjon*)

Med dette som bakteppe er det laga ein handlingsplan for korleis ein kan jobbe med inkluderande barnehagemiljø fritt for mobbing og andre krenkingar.

Handlingsplanen er bygd opp av ulike deler. Første del tek føre seg målsetjing for arbeidet og for planen. Vidare blir det definert kva mobbing er. Det finst ulike definisjonar, og det er teke med nokre av dei. Det viktigaste er at ein skapar ei felles forståing for kva kvar eining skal legge i omgrepene mobbing og krenking.

I den tredje delen finn sjølvé handlingsplanen for arbeidet med inkluderande barnehagemiljø utan mobbing og andre krenkingar. Den byggjer på ein modell for heilheitleg og systematisk arbeid med temaet.

Her jobbar ein på tre nivå:

1. Fremje trygge og gode barnehagemiljø

I dette nivået finn ein kva som er forventa av dei vaksne i barnehagen. Personalet er barnehagen sin viktigaste ressurs og korleis vi utfører jobben har mykje å seie for korleis vi får til å få til gode inkluderande barnehagemiljø for alle.

2. Førebyggje mobbing og andre krenkingar

3. Handtere mobbing og andre krenkingar

På nivå to og tre ligg det ved korleis ein skal arbeide med situasjonane når mobbing eller krenkingar oppstår og skjer. Planen inneholder hjelpemiddel til korleis arbeide med det og kan hjelpe oss til å ha rutinar på plass.

Deretter blir det ein vedleggsdel for tips eller hjelpemiddel til å bruke i arbeidet på desse tre nivåa.

2. MÅL

A). Mål for barnehagen sitt arbeid mot mobbing

- alle barn i barnehagen skal oppleve godt psykososialt miljø
- eit inkluderande miljø utan mobbing eller andre krenkingar
- nulltoleranse for mobbing

Delmål for barnehagen sitt arbeid mot mobbing

- personalet jobbar aktivt for eit miljø utan mobbing
- personalet skal ha kunnskap om mobbing og krenkingar
- foreldre bli involvert

B). Mål for planen

- eit nyttig hjelpemiddel for alle i førebygging av mobbing
- eit hjelpemiddel i korleis avdekke mobbing
- eit hjelpemiddel for korleis jobbe når ei mobbesak har oppstått



«Det du tror om meg,
slik du er mot meg,
hvordan du ser på meg,
slik blir jeg»

M. Jennes

3. KVA ER MOBBING OG KRENKINGAR?

Mobbing:

Det finst fleire definisjonar på kva mobbing er. Vi må ha ei forståing av kva vi legg i det, og den bør vere felles for kvar eining.

«Mobbing av barn i barnehagen er handlinger fra voksne og/eller andre barn som krenker barnets opplevelse av å høre til og være en betydningsfull person for fellesskapet.» (*Mobbing i barnehagen*, s. 10, 2016, Lund og Helgeland)

Lund seier og at «Mobbing er sosiale prosesser på avveie». (*De er jo bare barn*, s. 12, 2014, Lund)

«Mobbing er gjentatte negative handlinger, frå en eller fleire saman, mot en person som kan ha vanskelig for å forsvare seg.» (*Grunnlagsdokument for arbeidet med barnehagemiljø og skolemiljø* s. 8, 2017 Utdanningsdirektoratet)

Hausten 2019 var det leiarsamling for styrarane i regionen, og i arbeidet med handlingsplanen og definisjon av mobbing og krenkingar la dei dette i det:


Krenkingar og systematisk utesenging over tid og gjentekne gongar, skeivfordeling i maktforholdet i ein relasjon og barnet har ei subjektiv oppleving om ein situasjon han/ho ikkje rår med.
Eksempel på kva mobbing er – ord, handlingar som blikk, kroppsspråk, fysisk plaging og utesenging.
Mobbing kan også vere å ikkje bli akseptert, å bli dominert, undertrykt, trua, hersa med, håna latterleggjort og manipulert.

Krenkingar:

«Krenking er ord eller handlingar sagt eller gjort av barn eller vaksne som blir opplevd som negativt eller sårande av andre.» (*Handlingsplan mot mobbing*, Tønsberg kommune, 2016)

Det bør arbeidast i kvar eining slik at ein har ei felles forståing av kva ein legg i mobbing og andre krenkingar. Ein må utvikle eit kompetent blikk og det vil seie at du er i stand til å sjå mobbing og krenkingar, og du må ha kunnskap om korleis du skal handtere det.

Det er viktig å ha med seg at det finst vaksne som krenkar eller mobbar barn i barnehagen.



<https://www.youtube.com/watch?v=6YbdNDE4Tos>

4. ARBEID MED INKLUDERANDE BARNEHAGEMILJØ UTAN MOBBING OG ANDRE KRENKINGAR

Å oppretthalde og vidareutvikle trygge og gode barnehagemiljø krev heilheitleg, langsiktig og systematisk arbeid. Det er det denne delen av handlingsplanen tek føre seg. Det blir teke utgangspunkt i modellen som ein finn i «*Grunnlagsdokument for arbeidet med barnehage-, skolemiljø, mobbing og andre krenkingar*.» Den er bygd opp i tre nivå. Kvart nivå vil bli skildra med kva vi legg i det og korleis vi kan jobbe med det. I vedleggsdelen vil ein finne skjema som kan nyttast på dei ulike nivåa. Det kan vere skjema for ulike tiltak og hjelpemiddel til aktivitetar.



«*Grunnlagsdokument for arbeidet med barnehage-, skolemiljø, mobbing og andre krenkingar, s.12*»

1. Fremje trygge og gode barnehagemiljø

På dette nivået skal vi legge godt grunnlag for gode inkluderande barnehagemiljø. Her jobbar ein med universelle tiltak for heile barnehagen og på avdelingane el basane. Miljøet skal vere eit inkluderande sosialt fellesskap, og eit leike- og læringsmiljø der mangfald blir verdsatt og respektert og der ein er oppteken av likeverd.

2. Førebygge mobbing og andre krenkingar

På dette nivået skal vi førebyggje mobbing og andre krenkingar. Det vil seie mobbefokusert førebygging. Det er den jobben vi gjer når vi går frå å ha mistanke om mobbing til å eventuelt avdekke mobbing. På dette nivået må personalet ha ei felles forståing av kva mobbing og andre krenkingar er.

3. Handtere mobbing og andre krenkingar

Her har vi ei mobbesak som vi må ta tak i ved å nytte aktivitetsplan. Skulesystemet har ein §9 som sikrar arbeidet og oppfølging ved ei sak. Pr i dag har ikkje barnehage dei same forpliktingane på dette nivået, men vi skal ikkje oversjå og la ver å ta tak i ei sak av den grunn. Det er lagt ved skjema i vedleggsdel nr 3 som kan nyttast om ein har ei mobbe- eller krenkesak som ikkje har løyst seg på tidlegare nivå.

A). Fremje trygge og gode barnehagemiljø (nivå 1)

Førebyggande arbeid

Kompetanse og vilje til å jobbe for inkluderande barnehagemiljø

På det førebyggande nivået jobbar vi med universelle tiltak for å skape gode og trygge barnehagemiljø. Det gjeld heile barnehagen og kvar avdeling/base. Vi lyt utvikle og oppretthalde jobben med dei universelle tiltak - gode tiltak som byggjer opp barna. Det blir hevda at det er lettare å byggje barn enn å reparere vaksne. So jobben på dette nivået må ikkje undervurderast.

Tre punkt som må ligge i botn når ein jobbar med ei barnegruppe er **sosial kompetanse (eller leikekompetanse), språkutvikling og relasjonskompetanse**. Desse punkta heng saman og påverkar kvarandre. Det er derfor viktig å jobbe med alle tre områda. Barn som ofte blir utesett frå leik har ikkje gode nok eller manglar ein eller fleire av desse ferdighetene.

Sosial kompetanse el leikekompetanse

Personalet treng god fagkunnskap om barn si sosiale utvikling og utvikling av leikekompetanse. Barn utviklar seg gjennom samspele med andre, og personalet må vite korleis dei støttar denne utviklinga og på kva modningsnivå barnet bør vere ut frå alder.

Språk

For å fungere i eit sosialt fellesskap er språk nødvendig. Vi må ha fokus på at barna utviklar det, og at dei får eit funksjonelt og godt språk.

Relasjonar

Barna treng hjelp til å skape og meistre gode relasjonar. Vi må hjelpe barna til å byggje opp gode relasjonar, og dei må lære kva som skal til å halde på relasjonen.

Verdigrunnlaget i rammeplanen ligg i dette nivået. Her arbeider ein med personalet sine verdiar, normer, haldninga og praksis. Alle ansatte må involverast i arbeidet med verdigrunnlaget, og vaksenrolla er avgjerande for å få til eit godt inkluderande barnehagemiljø. Dei vaksne er ein av dei viktigaste ressursane vi har i barnehagen, og det må vi ha fokus på. Vi må ha kapasitetsbygging av personalet. Kapasitetsbygging handlar, i følgje Pål Roland, om å få opp kunnskapsnivået og gode erfaringar, motivasjon og verdinivå. Heile personalgruppa må delta i dette arbeidet.

Personalet - vaksenrolla

Det er personalet sitt ansvar å fremje eit trygt og godt miljø, og dei må derfor ha kunnskap om korleis dei skal jobbe og handle rundt temaet inkluderande miljø utan mobbing og andre krenkingar. Her blir det trekt fram nokre få områder rundt vaksenrolla, og det heile handlar om den aktive og bevisste vaksne.

Den autoritative vaksne handlar om å kombinere to dimensjonar –

1. Relasjon er korleis vi utøver varme, støtte og omsorg for barna eller kva grad av innleiving vi har av varme for barna.
2. Kontroll eller krav handlar om å lære barna positiv åtferd og positive tilnærmingar, og der ein set grenser.

Utøver du høg grad av begge desse dimensjonane handlar du som ein autoritativ voksen, og du har den beste tilpassing til barnet. (*Samandrag frå «Mobbeatferd i barnehagen»*, s. 79 og 80, Pål Roland, 2017)

Gode rollemodellar – vi går føre som gode eksempel for barna og resten av personalet. Vi har samsvar mellom verbalt og nonverbalt språk og er medvitne på korleis vi brukar det, og at det blir brukt utan av vi mobbar eller krenkar barn.

Aktive vaksne som er «pålogga» ute og inne. Det vil seie at vi er aktive for å inkludere alle barn. Vi jobbar med leikemiljøet som skal opplevast trygt og godt for barna. Vi er tilgjengelege og tilstades for å ha kontroll på det som skjer, og vi må ha ein tanke for korleis vi skal jobbe for at det skal bli optimalt.

Den aktive og medvitne vaksne ser negative handlingsstrategiar som skal korrigera eller stoppast. Ei av hovudmålsetjingane er nulltoleranse for mobbing og krenkingar. Det må derfor utviklast gode strategiar for at mobbing og andre krenkingar ikkje skal skje. Vi kan bruke «mantra» for å stoppe det vi ser. Det vil seie at den vaksne er tydeleg overfor barnet og set ord på det han/ho har sett.

Mantraet kan vere: «Eg såg at du Sofie klaup Per. Det likar eg ikkje so slutt med det.»

Det same kan tilpassast ved utesenging som kanskje står for mesteparten av mobbing eller krenking i barnehagen.

Personalet skal etablere eit godt foreldresamarbeid. Det kan ein gjere med å skape gode sosiale møteplassar og foreldremøte. Ein skal skape god kontakt og foreldre skal kjenne seg trygg nok til å kunne komme til personalet om det er noko som opptek dei.

Ein kan fortelje foreldre kva dei kan jobbe med i sitt arbeid med barna som å styrke barnet sitt sjølvbilde og sjølvkjensle. Barnet må øvast i å stå opp for seg sjølv og kunne setje grenser for kva det tykkjer er greitt og ikkje greitt.

Barnegruppa

Personalet skal jobbe inn mot barnegruppa når dei jobbar for inkluderande barnehagemiljø.

I det daglege arbeidet bør det vere god organisering.

Barna skal ha opplevingar der dei opplever tilhøyrigheit og inkludering. Personalet har eit ansvar for å jobbe mot at barn ikkje blir ekskluderte. Dei skal og ta ansvar for at barn ikkje får eiga vinning ved mobbing.

Barnehagebarn handlar ikkje for å vere onde. Dei er utprøvande, og det heile kan starte med at barna eksperimenterer og prøver ut ulike handlingsstrategiar. Dei prøver ut gode og vonde strategiar, og blir dei ikkje korrigerte på det negative er det noko som kan «setje» seg. Dei kan oppdage at dei har ein fordel eller personleg vinning ved det dei gjer og det kan bli eit handlingsmønster. Det viser seg og at handlingsstrategiar har smitteeffekt. Ser barna at det er lovleg, er det fort barn i barnehagealder tek etter. Dei har manglande kognitiv utvikling og har ein tendens til å imitere det andre barn gjer.

Eit eksempel på dette kan vere at Fredrik prøver å ta ei leike frå Jonas, men Jonas slår tilbake slik at det ikkje går. Då prøver Fredrik å ta en leike frå Emil i staden for, og det får han til fordi Emil reagerer med gråt og utan å forsvare seg. Etter dette fortset Fredrik å oppføre seg på denne måten mot Emil, fordi han har lært at han kjem unna med det.

Barna skal lærast opp til og oppleve at det nyttar å gi beskjed til vaken ved hendingar som dei

opplever som vanskelege eller som dei ikkje vil bli utsett for.

Barn skal ikkje leike åleine utan at personalet føl med på kva som skjer. Personalet skal oppsøke og observere kva som føregår både ute og inne. Begynnande mobbeåtferd og uheldige samspelsmønster oppstår i relasjonar og personalet må vere tilstades slik at det ikkje skjer.

Mobbing og krenking skal vere tema med barna i løpet av barnehageåret. Barna må ha kunnskap om mobbing for å få vite om dei blir mobba. Dette kan ein knyte saman med temaet vennskapsveke.

Styrar

- * Alle tilsette skal involverast, men styrar har det overordna ansvaret for at innsatsen mot mobbing alltid er ein del av barnehagen sin praksis
- * Styrar må jobbe for at dei vaksne er nærværande og genuint opptekne av å skape gode dagar for barna
- * Styrar må stå saman med dei tilsette for å fange opp mobbing, følgje opp og evaluere jamnleg
- * Styrar må jobbe for ein barnehage med sensitive vaksne som har låg terskel for å uttrykke bekymring
- * Styrar skal vere pådrivar for at barna si stemme heile tida fangast opp av dei vaksne
(Bygd på artikkel i Første steg, 03/19)

Årshjul

Det bør i den enkelte eining utarbeidast eit årshjul for korleis ein skal jobbe med inkluderande barnehagemiljø med fokus på å førebygge mobbing og andre krenkingar. Årshjulet skal ha med tiltak og aktivitetar, tidfesting og kven som er ansvarleg for gjennomføring. Punkt som bør vere med er:

Vennskapsveke

Mobbing og krenking må vere tema med barna i løpet av barnehageåret. Barna må ha kunnskap om mobbing for å kunne setje ord på det om dei blir utsette for mobbing eller krenkingar. Det bør vere fokus på kva ein god venn er og korleis kan vi vere gode med kvarandre.

Vurdering av læringsmiljøet med tanke på korleis det psykososiale miljøet er og korleis dei vaksne sitt forhold til barna er. Her kan ein gjere aktiviteten med kontaktbarometer. Den kan vise kor god relasjon eller kontakt den vaksne har med kvart barn.

Barnesamtalar

Gjennom barnesamtalar får barn høve til å uttale seg om trivsel, vennskap og utfordringar. Ein slik samtale bør ein ha minst ein gang i året, og den kan nyttast som eit førebyggande verkemiddel.

Vennskapsbussen

Saman med barnesamtala kan ein og gjennomføre aktiviteten med vennskapsbussen (korleis den skal gjennomførast blir skildra i vedlegget). Denne øvinga vil vise om det er barn som har lite eller ingen kontakt med andre.

Årshjulet bør og innehalde tidspunkt for gjennomgang av planen om korleis ein skal jobbe med førebygginga. Den bør innehalde tidspunkt for når ein går gjennom denne handlingsplanen for arbeidet med inkluderande miljø utan mobbing og andre krenkingar.

Det bør utarbeidast ein leseplan for å utvikle personalet sin kunnskap og kompetanse rundt temaet. Årshjulet bør og vise når, kva og kven som er ansvarleg for gjennomføring av leseplanen.

B). Førebygge mobbing og andre krenkingar (nivå 2)

Gjenkjenne mobbing når det skjer og tiltaksplan når mobbing oppstår

På dette nivået jobbar vi med mobbefokusert førebygging som handlar om arbeid som er retta mot at mobbing og andre krenkingar ikkje skal skje, og det handlar om å minske risikoene for at det skal skje. Det er den jobben vi gjer når vi går frå å ha mistanke om mobbing til å eventuelt avdekke mobbing. Her må ein vere observant på endringar i barn si åtferd. Det bør og vere fokus på dei sårbare barna og kva vi legg i det.

Ved at barnehage og heim har eit tett samarbeid med god dialog vil det vere lettare å fange opp endringar hjå barnet tidleg.

Eksempel på endring i åtferd er:

- | | |
|-------------------------------------|---|
| - barnet vil ikkje gå i barnehagen | - barnet begynnar å tisse på seg etter å ha vore tørr |
| - endrar ete- og sovevanar | - er trist og lei seg |
| - blir engsteleg og redd | - blir oppfarande og fort sint |
| - blir stille og usynleg | - får dårleg sjølvbilde/sjølvtillit |
| - nektar å fortelje kva som er gale | - blir klengete og søker meir vaksenkontakt |
| - plagar yngre barn og søskan | |

Personalet må ha kunnskap om mobbing slik at dei veit kva dei skal sjå etter. Personalet må kjenne att teikn på mobbing og andre krenkingar, ekskludering og vite kva som skal gjerast for å førebygge og handtere dette. Mobbing kan oppdagast av at vi ser, andre kjem og fortel oss det eller barnet sjølv kjem og fortel det. Det kan vere vanskeleg å oppdage for det kan vere skjult. Når ein avdekkar mobbing, skal den vaksne ta ansvar for at det blir stoppa og følgjt opp.

I desse situasjonane har personalet ansvar for å utføre følgjande tiltak:

- 1. Varsling** – den som får kunnskap eller mistanke om mobbing, diskriminering eller krenkingar skal varsle nærmeste overordna. Det kan vere pedagogisk leiar eller styrar.
- 2. Undersøking** – ein set i gang undersøking og alle på avdelinga blir involverte og må bidra
 - a. Innsamling av informasjon – kva veit vi allereie
 - b. Samtale med foreldre til barn som ein mistenker er utsatt for krenkande ord og handlingar. I samtalene seier ein noko om avdekking, og ein set ny dato for nytt møte der ein legg fram det ein har sett i mellomtida (2-3 veker)
 - c. Observasjon i barnehagen (i situasjonar som overgangar, leik ute og inne, i oppstart av aktivitetar)
 - d. Barnesamtalar. Dei vaksne snakkar med eit utval av barna (kanskje alle på same alderstrinn). Viktig at ein snakkar med ei variert gruppe av barna.
 - e. Saman med barnesamtalane kan ein gjerne bruke bussøvinga
- 3. Konklusjon** – Pedagogisk leiar evt styrar konkluderer på bakgrunn av undersøkinga om barnet har vore utsatt for krenkande ord og handlingar. Er barnet utsatt for noko av dette, skal det lagast ein tiltaksplan. Denne planen skal vere tidsavgrensa. Sjå handlingsplan nivå 3.

Når mobbing ikkje vert avdekka

- * Samtale med føresette
- * Dei føresette får seie noko om noverande status
- * Barnehagen seier noko om avdekkingss prosessen og resultata av avdekkinga
- * Samarbeidsskjema for vidare arbeid

Kva om barnehagen ikkje tek bekymringa på alvor?

Dersom du opplever at barnhagen ikkje tek bekymringa di på alvor, kan du ta kontakt med kommunen. Det kan vere kommunalsjefen du skal ta kontakt med. Det kan vere ulikt frå kommune til kommune.

Det finst ingen formell framgangsmåte pr i dag på dette, men her er nokre forslag til kva du kan gjere:

- * Be om eit møte for å høyre om korleis dei kan hjelpe deg. Både kommunen og leiinga i barnehagen bør vere til stades. Det er og mogleg for deg å ta med deg andre i dette møtet.
- * Foreslå at det blir laga ein skriftleg plan på kva som må gjerast. Denne planen kan innehalde mål, tiltak og ei oversikt over kven som skal gjere kva
- * Avtal ei oppfølgingsmøte



C). Handtere mobbing og andre krenkingar (nivå 3)

Tiltaksplan når mobbing skjer- Korleis skal ein ta tak i det?

Gjennom arbeidet på nivå to med å kartlegge og undersøkje om det finst mobbing eller andre krenkingar, kan det vere at ein stadfestar at det skjer. Då løftar vi arbeidet vårt opp på nivå tre. Gjennom barnehagelova §1 som omhandler omsorgsplikta er ein forpliktad til å ta tak i det og setje i gang nødvendige tiltak for å få ei slutt på det. Skuleverket er forpliktad gjennom lovverket med §9-a i opplæringslova. Det er eit forslag om endring i barnehagelova at barnehage skal få den same forpliktinga. Dette blir evt vedteke vinteren 2020, og denne delen av planen må kanskje omarbeidast noko. I følgje hovudmålsetjinga skal det vere nulltoleranse for mobbing og krenkingar so målet er at ein ikkje skal ha saker på dette nivået.

Når mobbing vert avdekkad skal:

- * Dei vaksne vere tett på
- * Systematisk observasjon
- * Samtale med foreldre, fortelje kva avdekking har vist
- * Lage plan for vidare arbeid i samarbeid med foreldra
- * Leikegrupper – med fokus på leiker som fremjar samarbeid og samhald
- * Hugs å setje tidsfristar og hugs å følgje opp

Har ein ei mobbesak på nivå tre skal det utarbeidast ein aktivitetsplan for korleis ein skal jobbe med saka. Denne planen skal innehalde punkt som byggjer på kvarandre som skal følgjast frå punkt 1 til punkt 7 i aktivitetsplanen.

I møte med dei involverte partar skal det skrivast referat. Det skal fortelje kva saka gjeld, kva tiltak ein blir einige om og kven som er ansvarleg for å gjennomføre dei ulike tiltaka.

Planen skal vere tidsavgrensa.

Det er viktig å få inn kor tid ein skal ha oppfølgingsmøte.



pixtastock.com - 30694446

«Barn sin trivsel, vaksne sitt ansvar»

5. ETTERARBEID

Ei mobbesak skal følgjast opp over tid. Sjølv om ein får slutt på uønska åtferd, er ein ikkje ferdig med saka. Det må følgjast med so den ikkje tek seg oppatt, og vi bør ha følgjande fokus:

Etterarbeid og brukarmedverknad mobbeutsett

- * Jamlege samtalar mellom pedagogisk leiar, styrar og føresett. Samtalane skal vere hyppige i starten, og det skal vere minimun 3 samtalar i løpet av 8 veker.
- * I samtalane er det fokus på barnehagekvardagen – knytt til meistring og vanskar
- * Tilbod om samtale med kvalifisert helsehjelp som helsesjukepleiar eller kommunepsykolog
- * I barnehagekvardagen har ein fokus på leikeferdigheiter eller sosial og emosjonell kompetanse

Etterarbeid og brukarmedverknad mobbar (mobbarar)

- * Jamlege samtalar mellom pedagogisk leiar, styrar og føresett. Samtalane skal vere hyppige i starten, og det skal vere minimun 3 samtalar i løpet av 8 veker
- * Fokus i samtalane på å gi tilbakemelding på positiv åtferd
- * Tilbod om samtale med kvalifisert helsehjelp som helsesjukepleiar eller kommunepsykolog
- * Fokus på leikeferdigheiter
- * Fokus på sosial og emosjonell kompetanse

Foreldre og barnehagepersonalet har eit felles ansvar for trivselen og utviklinga til barna. Dette kjem fram av barnehagelova med rammeplan § 1 Formål.

5). LITTERATURLISTE

Utdanningsdirektoratet (2017) «Grunnlagsdokument for arbeidet med barnehage-, skolemiljø, mobbing og andre krenkelser»

Regelverk

Barnehageloven

Rammeplan for barnehagens innhold og oppgåver. Oslo, Kunnskapsdepartementet

Fn's barnekonvensjon

Opplæringslova

Kommunale planar

Luster – «Å vere med og å høre til»

Haugesund kommune – «Handlingsplan mot mobbing og andre krenkelser»

Balestrand kommune – «Handlingsplan mot mobbing i Sagatun barnehage»

Ylvisåker barnehage – «Handlingsplan mot mobbing»

Tønsberg kommune – «Handlingsplan mot mobbing i barnehagen»

Lund, Ingrid (2014): «De er jo bare barn», Pedlex

Lund, Ingrid og Helgeland, Anne (2016) : «*Mobbing i barnehagen*», Pedlex

Første steg, 03/19, Utdanningsforbundet

<https://www.fylkesmannen.no/contentassets/2a2c72557e97473e81275c91a478468a/handhevingsordningen-og-foringer-for-bruk-av-barnekonvensjonen-004---lillestrom-11.-oktober-2018.pdf>

VEDLEGG KNYTT TIL NIVÅ 1:

SJEKKLISTE 1 – Barnehagen sitt oppvekstmiljø – dei vaksne sitt forhold til barna, S. 17

SJEKKLISTE 2 – Barnehagen sitt oppvekstmiljø – miljøet i barnehagen, S. 18

BARNESAMTALE –intervjuguide, S. 19

BARNESAMTALE- vennskapsbussen, S. 20

SKJEMA SOM HØYRER TIL VENNSKAPSBUSSEN, S. 21

KARTLEGGINGSVERKTØY – kontaktbarometer, S. 22

OBSERVASJONAR, S. 23

PLAN FOR OBSERVASJON, S. 24

ÅRSHJUL, S. 25

**SJEKKLISTE 1****BARNEHAGEN SITT OPPVEKSTMILJØ – DEI VAKSNE SITT FORHOLD TIL BARNA**

Spørsmål	Ja, alltid	Ja, ofta	Nei, sjeldan	Nei, aldri
Er vaksne i vår barnehage anerkjenande og støttande i forhold til barna sine initiativ?				
Blir alle barna lagt merke til i like stor grad, uavhengig av type personlegheit (innadvendt/utadvendt)				
Får nokre barn stadig positiv merksemrd frå oss vaksne – meir enn andre barn?				
Får nokre barn stadig negativ merksemrd frå oss vaksne – meir enn andre barn?				
Kan ein sjå at det har vorte eit «mönster» i at vi vaksne har lettare for å tru på nokre barn si forklaring i konfliktar enn andre i gruppa?				
Er det nokre barn i gruppa som vi vaksne tek meir kontakt med – og finner på fleire aktivitetar med enn andre barn?				
Er det nokre barn i gruppa som vi vaksne tek lite kontakt med – og sjeldan tek initiativ til aktivitetar med?				
Klarar vi å involvere alle barna i fellesskapet – t.d praten rundt bordet ved måltida?				
Har vi vaksne større tolmodigkeit med enkelte barn i gruppa enn andre, når det gjeld å følgja dei opp el. hjelpa dei?				
Blir nokre barn raskare avbroten /avvist av oss vaksne enn andre når dei tek kontakt med oss?				
Er alle vaksne medvitne på at barn ikkje alltid klarar å skille spøk / ironi? (Vere forsiktig med bruk av ironi i forhold til barn som ikkje forstår dette)				
Kommentar:				

**SJEKKLISTE 2****BARNEHAGEN SITT OPPVEKSTMILJØ, miljøet i barnehagen:**

Spørsmål	Ja - alltid	Ja - oftest	Nei - sjeldan	Nei - aldri
Er miljøet i vår barnehage prega av gjensidig omsorg, anerkjenning, varme og respekt				
Er samspelet barna imellom prega av likeverd og veksling av kven som bestemmer og kven som til ei kvar tid får vere med?				
Er det ein trygg og avslappa tone prega av humor, spontanitet, oppmuntring og glede?				
Vil du skildre tonen som trygg, oppmuntrande og at ein gledar seg over kvarandre si meistring?				
Vil du skildre samspelet mellom barna som prega av klare sosiale hierarki?				
Er nokre barn åleine i leiken (over tid)?				
Førekjem det ekskludering av enkeltbarn over tid?				
Er miljøet prega av prestasjonskrav og konkurrerande haldninger?				



BARNESAMTALE

Hovudmålsetjing:

Å avdekke mobbing i barnehagen, der barn si oppleving, dei ansatte sitt ansvar og foreldre si involvering er kjernepunkt.

Problemstilling:

Barn si oppleving av relasjonar, trivsel og samspel i barnehagen.

Spørsmål:

Eg har lyst til å høyre korleis du har det i barnehagen. Eg kjem til å stille deg nokre spørsmål og eg håper du vil fortelje til meg det eg lurer på.

1. Kva likar du å gjere på i barnehagen?
2. Har du det bra i barnehagen og på din avdeling?
3. Fortel meg kva du synes er bra i barnehagen / fortel meg kva som ikkje er bra i barnehagen?
4. Kven leikar du med i barnehagen?
5. Kven er vennene dine i barnehagen?
6. Er det nokon i barnehagen eller på di avdeling du tykkjer det er vanskeleg å leika med?
7. Er det nokon du skulle ønskje du kunne leika meir med?
8. Ser du nokon som leikar åleine? Gjelder det i dag? Er det alltid? Gjeld det inne og ute?
9. Om du ser nokon leikar åleine, kva kan du gjere då?
10. Om du ser nokon er stygge med kvarandre – korleis føler du deg då?
11. Er det nokon barn her i barnehagen eller på di avdeling som er ekstra flink til å gjere/ seie snille og gode ting? Kven er det som gjer gode ting?
12. Er det nokre barn som du kunne tenkt deg å bli betre kjent med?
13. Kven er det som bestemmer i leiken?
14. Kva skjer om du ikkje er einig? Og kva gjer du då? Fortell

Ekstra spørsmål:

Om eit av barna i barnehagen skulle bestemma for alle ein heil dag, kven skulle det vere?

Om dei vaksne:

1. Høyrer dei vaksne på deg når du snakkar?
2. gjer dei vaksne noko gøy saman med barna?
3. Er det nokre vaksne du likar godt å vere saman med?

Er det nokre vaksne du ville ha med deg på bussturen?



KARTLEGGING AV BARNEHAGEMILJØET

Dette er eit verktøy for å kartlegge korleis barna opplever sin og andre sin plass i barnegruppa.

Her brukar ein bilder av alle barn og bilde av ein buss. Det er fem vindauge i bussen. Barnet du snakkar med sit i førarsetet, og ei legg bilde av dette barnet på bussen. Barnet i førarsetet skal velje fire barn som dei vil ha med seg på bussturen. Det gjer ein ved å ta dei fire bildene til og legg dei på bussen. Den vaksne har eit avkryssingsskjema for kven som blir valt. Er det nokre barn som blir valt få gongar eller ikkje blir valt, veit personalet at dei ha noko å ta tak i. Bruk av vennskapbussen og Barnesamtale bør inn i eit årshjul og brukast minst ein gang i året.





SKJEMA SOM HØYRER TIL VENNSKAPSBUSSEN

I dette skjemaet skriv ein namnet til alle barna på avdelinga i kolonna til venstre. I den øverste rada skriv ein og namna til alle barna. Når ein spør eit barn om kven dei vil ha med seg i bussen, kryssar ein av i dette skjemaet for kva som blei svart. Når alle har gjort aktiviteten, gjer ein ei oppsummering av kva som kom fram. Er det nokre barn som har ingen eller få kryss, er det grunn til å vere på vakt.

Namn									
	■								
		■							
			■						
				■					
					■				
						■			
							■		
								■	
									■






KONTAKTBAROMETER

Lag ein namnelapp for kvart av barna du har på avdelingen. Alle i personalgruppa brukar nokre minutt og plasserer barna i dei farga sirklane. Dei barna ein har god kontakt med plasserer ein i grøn sirkel. Er du litt usikker på kor god kontakt de har so plasserer du i gul sirkel. Skulle det vere nokon du ikkje «kjänner» eller føler at du ikkje har god kontakt med skal den plasserast på raud sirkel. Når alle har gjort det, har de ein samtale om resultatet. Gjer ei oppsummering av resultatet og ta med til vidare arbeid. Kva tiltak må til?

Det kan vere at ein plasserer nokre av barna på strekane mellom fargane.

Det er nyttig å ta vare på resultatet. Har det endra seg til neste gang de tek kontaktbarometeret?





OBSERVASJONSVERKTØY

Kvifor observasjon?

- Viktig å sjå heilheita i ein sosial situasjon
- Situasjonar som ser ut som kommunikasjon, samspel og leik, treng ikkje vere gjensidig og balansert
- For å få kjennskap til om det handlar om mobbing, eingongshending eller konfliktar, må vi skaffe oss ein nyansert og heilheitleg oversikt

Bruk av observasjon:

Skal gi oss ei systematisk oversikt om:

- Kven vel å vere saman med kven?
- Kva for barn blir ofte ståande utanfor?
- Kva for situasjonar er spesielt sårbare for utestenging?
- Kva for arenaer er gode for å stimulere til samspel?

Observere samspel:

- Å samle konkret og detaljert informasjon
- Kva barna seier og gjer i samspel med kvarandre når dei er saman?

Informasjon frå observasjon kan vise:

- om mobbing skjer
- om eit sosialt samspel fungerer godt / därleg

Observasjonane skal vere førebudde. Det må gjerast eit førarbeid om kva målet er og lage ein plan for kva og korleis ein skal nå målet.

Spørsmål å ta stilling til er:

- Kva ønskjer me å finne ut?
- Kven skal observerast?
- Kva skal de fokusere på i samhandlinga?
- Kven skal føreta observasjonane?
- Skal vi konstruere nokre situasjonar?
- Når skal det gjerast?
- Kor lang tid skal brukast?
- Korleis skal observasjonane dokumenterast?
- Når og av kven skal observasjonane analyserast?
- Korleis skal de nyttiggjere oss av dei?

Andre viktige spørsmål å ha med seg er:

Korleis tenkte eg?

Kva såg eg?

Kva kunnskap fekk eg?



PLAN FOR OBSERVASJON

DATO	SITUASJON	UTFØRT



ÅRSHJUL

AKTIVITET / TILTAK	TIDSPUNKT / -FRIST	ANSVARLEG
GJENNOMGANG AV ÅRSHJULET		
TEMA FOR PERSONALET - skape felles forståing rundt mobbing og krenking - evt oppfrisking av kunnskap		
LESEPLAN - utarbeidast leseplan knytt til auka kunnskap hjå personalet		
FORELDRESAMARBEID - beskriv tiltak		
VENNSKAPSVEKE /TEMA MOBBING - fokus på vennskap - tema mobbing og krenking		
VURDERING AV LÆRINGS MILJØET		
BARNESAMTALAR		
VENNSKAPSBUSS		

VEDLEGG NIVÅ 2

BARNESAMTALE (sjå vedlegg nivå 1), S. 19

OBSERVASJONSVERKTØY (kvifor observasjon, sjå vedlegg nivå 1), S. 23

PLANFORARBEID, S. 27

AKTIVITETSPLAN, S. 28



PLANFORARBEID

PLAN FOR KVA, NÅR OG ANSVARLEG NÅR VI HAR MISTANKE OM MOBBING /KRENKINGAR

(Har vi fatta mistanke eller tilbakemeldingar om mogleg mobbing/krenkingar har personalet ansvar for å utføre tiltak for å kartlegge situasjonen)

Kva gjer vi	Når	Kven	Utført
Sjekkliste for barnehagen sitt oppvekstmiljø – dei vaksne			
Sjekkliste for barnehagen sitt oppvekstmiljø – miljøet i barnehagen, evt avdelinga			
Foreldrearbeid Informasjon til foreldre (den som blir utsett for mobbing/krenkingar og den som mobbar) Kva kan foreldre bidra med?			
Barnesamtalar m/ bussøving			
Forarbeid observasjon (kva metodar brukar ein?)			
Observasjonsperiode			
Analyse av observasjonane			
Tiltak Lag tiltaksplan			
Evaluering av tiltak			
Oppfølgjing Avtal når ein snakkast om korleis situasjonen er no (t.d 3-4 veker etterpå)			



AKTIVITETSPLAN

Om eit barn ikkje har det bra i barnehagen bør det lagast ein aktivitetsplan. Denne byggjer på skulen sin, men er tilpassa barnehage. Den inneheld nokre punkt som bør gjennomførast. Dei vedlegga som er med på dei ulike nivå kan nyttast inn mot det som er nemnt i denne aktivitetsplanen.

FØLGJE MED

Det kan vere vanskeleg å oppdage mobbing eller krenkingar t.d utestenging frå leiken og blikk som seier meir enn ord.

Korleis oppdagar at barn ikkje har det bra?

- viktig å snakke med barna, korleis dei har det?
- dei ansatte ser noko eller fangar opp noko i samtalar med andre barn
- foreldre som tek kontakt med barnehagen. Vi skal aldri avvise foreldre som melder frå, men svarar «Flott at du/de ga beskjed, dette skal vi undersøkje nærmare»
- Barnet fortel sjølv om mistrivsel
- Det skjer endringar i åtferd hjå barn (sjå side.... for kva endringar som kan skje)
- Det skjer endringar i barnegruppa som t.d meir uro og bråk, endringar sosialt og kva barn som leikar saman

Det finst fleire verktøy som kan nyttast for å kartleggje kva som skjer mellom barna. Det er skjema som ligg i vedlegga.

GRIP INN

Barnehagen skal ha nulltoleranse mot mobbing, diskriminering, trakasering og krenkingar.

VARSLE

Alle barn skal ei trygt og godt miljø i barnehagen, om nokre barn ikkje har det bra er det pedagogisk leiari og dei ansatte som skal iverksteje tiltak som kan gjere barnehagekvardagen til barnet bra.

Alle som jobbar i barnehagen skal varsle styrar om dei ser eller mistenker at eit barn ikkje har eit trygt og godt barnehagemiljø. Dette skal sikre at styrar får oversikt over korleis barna har det i barnehagen og vil vere eit godt utgangspunkt for å følgje opp enkeltsaker.

Styrar har ansvar for at varslingane blir handtert på ein forsvarleg måte.

UNDERSØKE

Undersøkingane må ha som hensikt å få fram fakta om situasjonen og kva som påverkar korleis barnet har det i barnehagen. Får ein mistanke om utestenging eller at nokon melder frå om dette, skal ein undersøke. Det vil seie ein systematisk observasjon over 2-3 veker. Dette før heile personalet på avdelinga + styrar og evt ein ressursperson delta på.

Barnehagen skal ikkje skaffe og vurdere bevis for eller mot at barnet er vorte krenka eller mobba.

SETJE INN TILTAK

Barnhagen skal:

- kontakte foreldre og kalle inn til samtale
- observere fortløpende for å få oversikt over situasjonen
- setje inn egna tiltak for alle barn som ikkje har det bra
- følgje opp tiltaka
- evt. kontakte beredskapsteam (ikkje alle kommunar som har)
- evaluere kva verknad tiltaka har
- leggje til eller endre tiltak om det er nødvendig.

DOKUMENTERE

Barnehagen må dokumentere skriftleg kva de gjer for å sørge for at barnet har det trygt og godt i barnehagen.

Aktivitetsplanen er ein skriftleg plan som barnehagen lagar i det vi får vite at eit barn ikkje har det trygt og godt i barnehagen.

I aktivitetsplanen skal det minimum stå:

- kva problem som skal løysast
- kva barnehagen har planlagt å gjere
- når tiltaka skal gjennomførast
- kven som er ansvarleg
- når tiltaka skal evaluerast

Det kan og vere lurt å ha med ei oppsummering av kva som er barnehagen si vurdering av saken.



VEDLEGG NIVÅ 3

AKTIVITETSPLAN NÅR MOBBING SKJER, S. 31

SAMARBEIDSSKJEMA BARNEHAGE OG FORELDRE, S. 32

**AKTIVITETSPLAN NÅR MOBBING OPPSTÅR**

Det skal skrivast referat etter alle møter

TILTAK	ANSVAR	GYENNOMFØRT SIGNATUR OG DATO
1. Den som observerer mobbing informerer raskt nærmaste overordna Ta saken opp i møte. Beskriv konkret kva som har skjedd: - Kva har barnet/barna gjort? - Korleis har personalet forholdt seg? - Konkretiser vidare tiltak av personalet på avdelinga	Den som observerer mobbing Pedagogisk leiar og styrar	
2. Snakk med barna om hendinga Be barna komme med forslag om kva som kan gjerast Samanfatt barna sine idear med personalet sine forslag	Pedagogisk leiar	
3. Foreldra til involverte barn blir informert og teke med på råd - bli einige med foreldra om tiltak som skal iverksetjast for å stoppe mobbinga - kva skal dei ulike partane bidra med?	Pedagogisk leiar	
4. Vurdering av tiltak i punkt 1 Gjennomføring av nye samtalar med barna ved behov	Pedagogisk leiar	
5. Vurderingsmøte for personalet etter 1-2 veker Dokumenter status Fungerer iverksatte tiltak? Evt. vidareføring / justering av tiltak Vurdering og samtalar i personalgruppa bør skje kontinuerleg på avdelingsmøter til saka er løyst	Styrar ansvar for at pedagogisk leiar gjennomfører vurderingsmøte	
6. Ny informasjon / samtale med foreldre om status pr dags dato Nær dialog med foreldre bør skje kontinuerleg til saka er løyst	Pedagogisk leiar	
7. Rettleiing kan søkast hjå ressursteam		

**SAMARBEIDSSKJEMA BARNEHAGE OG FORELDRE**

REFERAT FRÅ MØTE ANGÅANDE (skriv utfyllande kommentar, kva og kven det gjeld):

Skjema skal ligge i barnet si mappe med kopi til føresette

Møtedato:	
Deltakarar på møte:	
Forfall:	

DATO OPPFØLGINGSMØTE:

SAK – kva gjeld saka?	TILTAK – kva tiltak blei avtalt?	ANSVAR – kven har ansvar for gjennomføring av dei ulike tiltaka	KVA SEIER BARNET?

UNDERSKRIFT – Stad _____ Dato _____

FØRESATTE

BARNEHAGE